

**Skal sjekka menn i Florø**

**FLORØ:** I fjor var det den kjende globetrotteren Ian Wright som viste fram verstbyane under delfinale-showa i MGP. I år det datedama Sigrid Bonde Tusvik som skal ta tempen på Ørland, Florø, Skien og Sarpsborg. Ho skal kåra den flottaste mannen i kvar vertsbby. – Eg trur ikkje eg har hatt det så moro på lenge, seier Sigrid. Mr. Ørland er først ut, medan Mr. Florø vort avslørt neste laurdag. (Foto Hanne Pernille Andersen/Famefotografene)



**Nær åtte tusen på kino**

**HØYANGER:** «Knerten gifter seg» - oppføljarer til «Knerten» som kom i 2009 - var nemleg den klart mest besøkte filmen i Høyanger i 2010. Den vart sett av 356 personar, som også er fleire enn på den første filmen om den populære Anne Cath Vestly-figuren. «Knerten» vart til samanlikning sett av 302 då den gjekk på kinoen i Høyanger i 2009, melder Ytre Sogn. Totalt besøkte 7.959 personar kinoen i Høyanger i 2010, som er ein lite auke på 111 i høve til 2009. Då var talet 7.848.

**Noregs sitt største turbilette**

**LEIKANGER:** Den Norske Turistforening og ut.no vil laga Noreg sitt største turbilette. – Ta eit bilete når du er ute på tur og send det direkte frå mobiltelefonen. Bidraget vert saman med tusenvis av andre vinterbilete sett saman til eitt gigapixelbilete. Eitt av dei beste bileta vil bli hovedbilete for ein mosaikk fylt av vinterleg turglede, silkeføre, skøyteis, akebakkar, englar i snøen, bålkos og fart i bakken, skriv DNT i ei pressemelding.



NY BOK: Oddmund L. Hoel kjem med bok om norsk målrørslie.

(Arkivfoto)

# Ny bok om målreising

■ Doktoravhandling ■ Lansering under nynorske fagdagar

**JOSTEDAL: Samlaget gjev doktoravhandlinga til jostedølen Oddmund L. Hoel ut i bok.**

Boklanseringa av «Mål og modernisering 1868-1940. Norsk målreising» er lagd til Oslo fredag 18. februar i samband med nynorsk fagdagar.

No er det heller uvanleg av doktoravhandlingar kjem ut i ein omarbeidd versjon i ei bok.

**Første større**

Det er kanskje ikkje så rart i dette høvet då avhandlinga til Hoel er den første større granskinga av korleis den

nynorske målrørsla tok del i den omfattande moderniseringa av det norske samfunnet frå 1880-åra og fram til den andre verds-krigen.

– Innanfor historie er det vanlegare at avhandlingar òg kjem ut i bokform. Det er gjerne emne som dekkjer interesse utanfor eit fagfelt. Difor tykkjer eg det er flott at Samlaget gjev ein omarbeidd versjon av doktoravhandlinga ut i ei bok, seier Hoel.

**Nynorsk og by**

På boklanseringa skal Hoel innleia om emnet «Det nynorske byproblemet».

– Eg spør kvifor nynorsk som opplevd sterk framgang i bygdene, men ikkje kom seg

inn i byane. Det er eit problem eg prøver å forstå og forklara, seier Hoel. Han er spent på korleis boka vil verta vurdert i ein vidare lesekrins.

**Skriftkultur**

Ivar Aasen-instituttet ved

Høgskulen i Volda inviterer for andre gong til ein nynorsk fagdagar i Oslo. Dagen tek sikte på å presentera nyare avslutta arbeid i Volda-miljøet på fagfeltet nynorsk skriftkultur. Foredragshaldarane er tilsette ved Høgskulen i Volda,

Høgskulen i Sogn og Fjordane, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum.

Sigrid Svartefoss  
sigrid.svartefoss@sognavis.no

**Hårek**

